

Nytt storløft med 40 unge musikantar

10.01.2009



Instruktør og dirigent Pål Magne Austnes spelar tuba (lagt i 1901) medan Sebastian Lamberg Torjusen frå Rosendal spelar susaphone.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Skulekorpsa i Uskedalen og Rosendal kvilar ikkje på laurbæra. No er dei midt inne i oppfølgjaren til suksess-prosjektet med Frank Brodahl i fjar.

Fredag, laurdag og sundag er vel 40 musikantar samla for "Austnes-prosjektet" i Rosendal Samfunnshus og dei musikalske prestasjonane ber allereie no bod om at ein ny suksess ikkje er langt unna.



Skulekorpsa øver saman i Rosendal Samfunnshus. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag 22. februar får vi høyra resultatet – også det i Samfunnshuset. Youngblood-musikk er hovud-ingrediensen i prosjektet. Det bør ha appell til både yngre og eldre.



Kornettgruppa spelar under fellesøvinga laurdag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var "Brodahl-konsert" både i Rosendal og Uskedalen, men denne gongen planlegg korpsa berre ein konsert. Og valet fell på Rosendal både av økonomiske og praktiske grunnar, opplyser prosjektleiarane Trygve Torjusen og Thor Inge Døssland til uskedalen.no. Dei nemner lys og lyd som forklarande stikkord.



Dette er ein del av slagverkgruppa. Frå høgre står Sindre Aksnes (Uskedalen), Henrik Bauge (Rosendal), Torbjørn Storegjerde (Rosendal), Stian Willanger (instruktør) og Stian S. Myklebust (Uskedalen). (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Brodahl-konserten var svært vellukka og inspirerande, svarar Torjusen på spørsmålet om kvifor dei vågar seg på ei ny kjempeoppgåve. Men han og Døssland minnar om at spira til det nye prosjektet vart sådd allereie sommaren 2007 – under Karmøy Brassfestival. Då vart Youngblood-musikk framført under ei talent-tevling med framføring under den avsluttande festkonserten som premie.

Då stifta dei bekjentskap med sunnmøringen Pål Magne Austnes. Han er ein av dei fremste i landet når det gjeld å arrangere denne musikken for korps. Han har spela tuba i halvparten av sitt 30 år gamle liv.

Kvinnheringane vart sterkt inspirerte på Karmøy og fekk lyst til å gjera noko meir ut av det. Men dei måtte vente til Brodahl-prosjektet var unnagjort fordi dei allereie hadde kome langt med dette.

- Youngblood-musikken blir også kalla riot-jazz – eller opprørsk jazz om ein vil. Det er krevjande musikk som tek opp i seg mange moderne rytmer, seier Torjusen.

Etter to øvingsdagar seier Austnes dette:- Eg er svært imponert over dei to skulekorpsa, ikkje minst fordi dette prosjektet er unikt. Dei er nummer to her i landet nå det gjeld å gjera noko slikt ut av denne musikken. Eit Sotra-kops var først ute.

Og musikken er mykje meir krevande enn det vanlege skulekorps spelar!

Austnes stiller for sin del opp med ein tuba som han trur er laga i Oslo i 1901. Den har han lånt av Haukås musikklag, som slett ikkje vil selgja han sjølv om Austnes har bedt om det fleire gongar. Det er ikkje heilt lett å spela reint på det gamle instrumentet, men tubaisten brukar berre det under heile seminaret fordi det passar godt til rocka musikk som dette.

Opptakten til dette prosjektet er litt annen enn det til Brodahl-konserten, fordi hovudpersonen Austnes er med allereie under første seminaret.

Når det gjeld sjølve konsertprogrammet er det naturleg nok ikkje snekra ferdig enno, men det blir truleg sju Youngblood-nummer og også ei avdeling med annan musikk.



Dei tre med trombone er Bjørn Naterstad, Amund Hjelmeland og Tobias Lamberg Torjusen, alle frå Rosendal. Instruktør er Kristina Fjell Helleland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Samarbeidet mellom dei to korpsa er eit nytt døme på kva kultursamarbeid over bygdegrenser kan gje som resultat. No er det åtte år sidan det første samarbeidsprosjektet og dei har hatt eitt litt større prosjekt saman nesten kvart år.

Av Ola Matti Mathisen



Trioen som speler tuba er (frå høgre) Simon Bewer (Rosendal), Jostein Bauge (Uskedalen) og Håvard S. Eik (Uskedalen). (Foto: Ola Matti Mathisen)